

Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

For skuleåret 2021–2022

Innhald

3	Føreord
4	Innleiing
5	Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar
6	Førespurnader
7	Særlege utfordringar innan enkelte bransjar
8	Ombodet sitt arbeid
9	Kan ombodet hindre at elevar og lærlingar droppar ut?
9	Elevrådsarbeid
9	Stand på skulane
10	Fylkesting for ungdom
10	Konferansar for alle omboda i landet
11	Gladsaker frå vidaregåande opplæring i Vestland
11	Vedlegg (lenke til nettside: https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/elev--og-larlingombodet/)

Alle foto: Venke Nordeide

Føreord

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lære-kandidatar i vidaregåande opplæring. F.o.m. august 2021 har underteikna vore åleine som elev- og lærlingombod i Vestland. Ombodet har ei rådgjevande og rettleiande rolle og er ikkje klageinstans.

Årsmeldinga for skuleåret 2021-2022 viser tal førespurnader og informasjon om arbeidet til ombodet i denne perioden.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar i vidaregåande opplæring og lærlingar. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og uavhengig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere lett tilgjengeleg for førespurnader, informere elevar og lærlingar om deira rettar og plikter, halde innlegg for elevråd ved vidaregåande skular og delta på møte med lærlingar.

I rolla som ombod arbeider ein som oftast med utgangspunkt i at elevar, lærlingar eller deira føresette stiller spørsmål ved noko, opplever at noko er vanskeleg, urettferdig eller meiner at lover og retningslinjer ikkje er følgde. Ombodet si oppgåve blir då å belyse saka ut frå gjeldande reglar og lovverk og gi dei ansvarlege i saka sjanse til å ordne opp i saka først.

Elev- og lærlingombodet i Vestland
Venke Nordeide



Innleiing

Elevar og lærlingar er den viktigaste ressursen for framtida. Det er difor svært viktig at denne gruppa blir teken på alvor og får sjansen til å nå lengst mogleg utifrå sine føresetnader medan dei er i den vidaregåande opplæringa. På den måten er det større sjanse for at ungdomen vil vende heim att etter ferdig utdanning og skape næring og nyskaping i Vestland. Her har alle aktørar innan opplæringsystemet eit stort ansvar.

Elev- og lærlingombodet har positiv erfaring med å bli kopla tidleg inn i saker for så å vere brubyggjar mellom dei ulike partane. Underteikna har jobba som elev- og lærlingombod sidan 2004 i Sogn og Fjordane, og frå og med januar 2020 i Vestland.

Vestland fylke har 21.000 elevar i vgs, 6.500 lærlingar og berre eitt elev- og lærlingombod skuleåret 2021/2022

Frå og med august 2022 blir vi to elev- og lærlingombod i Vestland.



Frå Sogndal vidaregåande skule.

Takk til fylkekommunen for følgjande gode tiltak

1. NETTSIDENE

til dei vidaregåande skulane har blitt svært gode inneverande år, med relevant informasjon lett tilgjengeleg for brukarane. Dette gjeld også nettsida til Vestland fylkeskommune.

2. SATSING PÅ PSYKISK HELSE.

Det blir sett stor pris på at fylkeskommunen set av fem millionar kroner til skulemiljø som fremjar trivsel, motivasjon og meistring.

3. RETTLEIINGSTENESTA, som er organisert i alle regionar i fylket, gjer ein svært god jobb. Denne tenesta legg til rette for rask og god hjelp der lærlingen/lærebedrifta er. Elevar har også god nytte av dette tilbodet.

Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar

- På kvar vidaregåande skule bør det vere ein eller fleire tilsette med ekspertkompetanse på aktivitetsplikta, kap 9A i opplæringslova. Dette for å førebyggje mobbing og vere tett på dersom mobbing oppstår.
- Det bør arrangerast digitale eller fysiske samlingar for alle nye lærlingar. Her bør det informerast om overgangen frå skule til lærebedrift, om rettar og plikter og om fylkeskommunen si rolle.

Førespurnader frå elevar – nokre døme:


- Fråvær og ulike konsekvensar av det (covid 19)
- Tilrettelegging av opplæring
- Spesialpedagogiske tiltak
- Elevmedverknad
- Inneklima
- Vurdering
- Skulemiljø

Førespurnader frå lærlingar – nokre døme:

- Manglande oppfølging/opplæring
- Arbeidsmiljø
- Tidspunkt for avlegging av fagprøve
- Lønn og overtid
- Behov for rettleiing i forkant av møte m/overordna
- Oppleving av å bli brukt som billig arbeidskraft
- Heving, brot eller endring av læretid

Førespurnader totalt 2021–2022

Totalt 307 førespurnader som fordeler seg slik:



- 194 frå lærlingar
- 108 frå elevar i vgs
- 5 frå «andre»

Det har gjennom alle mine 18 år som ombod alltid vore fleire førespurnader frå lærlingar enn frå elevar. Det er ikkje nødvendigvis noko dramatisk i det. Unge arbeidstakarar har ofte mange spørsmål på starten av yrkeslivet sitt. Lærlingane har færre rundt seg på eigen alder i motsetnad til elevane på dei vidaregåande skulane.

Særlege utfordringar innan enkelte bransjar

Elev- og lærlingombodet får spørsmål frå lærlingar innan alle bransjar, utan at eg kan gå inn på detaljar om det her i årsmeldinga. Det er likevel grunn til å uttrykkje bekymring for særleg to bransjar. Lærlingar innan omsorgsyрке og kokkelærlingar har ofte ein svært så hektisk kvardag der dei ofte får spørsmål om å jobbe ekstra/overtid.

Ombodet sitt arbeid

Arbeidet til ombodet dreiar seg i all hovudsak om å bevisstgjere elevar og lærlingar når det gjeld både rettar og plikter. Dersom dei opplever problem i opplærings-situasjonen, kan dei ta kontakt med elev- og lærlingombodet for å få råd og hjelp.

Ombodsordninga er meint å vere eit lågterskseltilbod, der ein kjem tidleg på bana før problemet er blitt for stort. Elev- og lærlingombodet jobbar på eit fritt og sjølvstendig grunnlag og er av den grunn ikkje part i saka. Nettopp det er viktig for ikkje å bli oppfatta som «bukke og havresekk.» I møte med ungdommane fokuserer ombodet på korleis elevane og lærlingane sjølve kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis ein går fram for å ta opp ei sak med næraste overordna.



Skulebesøk Voss vidaregåande skule.

Kan ombodet hindre at elevar og lærlingar droppar ut?

Det er grunn til å tru at svaret er ja. I alle fall har underteikna fått tilbakemeldingar som tilseier at fleire har vurdert å slutte, men etter å ha fått råd og rettleiing har valt å fullføre skulegang og læretid i bedrift.

Elevrådsarbeid

Ein av føresetnadene for å drive eit godt elevråd er at elevrådsarbeidet blir støtta av leiinga på skulen. Elevrådet skal ha eigen kontaktperson som skal bistå og følgje opp arbeidet. Det må setjast av tid og ressursar til å utføre elevrådsarbeidet. Ein del elevråd gir uttrykk for at det er vanskeleg å få elevane til å engasjere seg i elevrådsarbeid. Difor har elev- og lærlingombodet valt å fokusere på motivasjons- og møtearbeid ved skulebesøka.

Stand på skulane

I tillegg til skulering og møte med elevråda ønskjer elev- og lærlingombodet å vere meir synleg på skulane ved å ha faste besøksdagar. Ein form for «stand» er under planlegging. Det vil fungere slik at elevar som har noko dei vil ta opp kan gjere det på den aktuelle «stand-dagen». Dette blir ein måte å få kontakt med ombodet på i tillegg til digitale flater.

Fylkesting for ungdom

Elev- og lærlingombodet set stor pris på invitasjonar frå FFU, og deltek på møte og samlingar når det let seg gjere.



FFU med innlegg på fylkestinget våren 2022, Sogndal hotell

Konferansar for alle omboda i landet

Omlag to gonger i året har alle elev- og lærlingombod i landet felles fysiske møte. I tillegg har vi digitale møte ved behov. Det er nyttig å lære av kvarandre og ha erfaringsutveksling på tvers av fylkesgrensene. 13.-14. juni 2022 arrangerte vi ombodskonferanse i Bergen der både i elev- og lærlingomboda i vidaregåande opplæring og mobbeomboda for barnehage og grunnskule deltok.

Gladsaker frå vidaregåande opplæring i Vestland

Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland kom på andreplass i noregsmeisterskapen i klima for vidaregåande skular.

Fyllingsdalen og Askøy vgs var først ute i landet i eit pilotprosjekt der elevar og tilsette koronatesta seg sjølve to gonger i veka. Målet var å oppdage smitte tidleg og halde skulane opne.

20.233 elevar med ungdomsrett søkte plass ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Spesielt innan yrkesfaga var det stor auke i søkinga, og fleire nye klassar vart oppretta.

Elev- og lærlingombodet nyttar høvet til å takke alle involverte partar for eit godt og konstruktivt samarbeid skuleåret 2021/2022!

Vedlegg

Mandatet til elev- og lærlingombodet i Vestland



Askøy vidaregåande skule

